



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

23. juni 2026

NVE
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Fråsegn til høyring av tilleggsopplysningar om eit sørlegare alternativ for 420 kV Samnanger-Øygarden

Saka

Statnett si melding om ny 420 kV kraftleidning mellom Samnanger og Øygarden transformatorstasjonar vart send på høyring hausten 2024. NVE fekk omkring 700 fråsegner til meldinga, blant anna innspel til nye traséforslag. Mange høyringspartar har foreslått at leidninga bør gå lenger sør, og NVE fekk konkrete traséforslag heile vegen frå Samnanger til Øygarden. Mellom forslagsstillarane er BKK og Naturvernforbundet.

NVE ba difor Statnett i brev av 4. april 2025 om at Statnett skulle sjå nærmare på ein sørlegare trasé, og lage eit underlag som NVE kunne sende på høyring til rørte partar.

I Statnett sitt brev av 12. mai 2026 konkluderer dei med at eit sørlegare traséalternativ mellom Samnanger og Øygarden transformatorstasjonar gjennom Samnanger, Bergen og Askøy kommunar, vil komme i konflikt med eksisterande bygningar og gje for store negative verkingar for kraftsystemet, og at det difor ikkje er ønskeleg frå Statnett si side. Statnett vel difor ikkje å melde alternativet.

Naturvernforbundet Nordhordland er ikkje samd i denne vurderinga. Vi ønsker melding og utgreiing av det sørlege alternativet (Bergensalternativet) i utgreiingsprogrammet og vil på grunn av store konflikhtar med natur og friluftsliv oppmoda NVE om å skrinleggja det nordlege alternativet (Nordhordlandsalternativet).

Naturvernforbundet Nordhordland ønsker melding og utgreiing av det sørlege alternativet

I skriv datert 12. mai 2026, som gjeld utgreiing av sørlege traséalternativ (Bergensalternativet), meiner Statnett at dette alternativet i ulike variantar på grunn av «tett bebyggelse» og «problemer i Byfjorden» er urealistisk. Dei ønskjer difor ikkje å melda alternativet, men held fast på det særskilt naturøydeleggjande nordlege alternativet (Nordhordlandsalternativet).

Vi er altså usamde med Statnett i denne vurderinga av di vi meiner det finst gjennomførlege alternativ i sør som reduserer konfliktnivået monaleg og samstundes fører til langt mindre naturtap en Nordhordlandsalternativet.

Statnett skriv mellom anna at fleire bustader må rivast og at «kablene vil komme i konflikt med eksisterande infrastruktur på bunnen av Byfjorden».

Forslaget vårt, som er basert på innspel frå BKK til NVE i 2025 og Statnett si eiga utgreiing, vil ikkje kryssa eksisterande sjøkablar i Byfjorden og vil føra til at minimalt med bustader må rivast. Åstveit,

Ervik og Eidsvåg i Åsane vert ikkje råka av riving, og så langt vi kan sjå, heller ikkje Askøy eller Arnadalen.

Vi kan ikkje få understreka nok at alternativa våre vil føra til langt mindre naturtap. Vi har rekna oss fram til at Statnett sitt alternativ 1.0 gjennom Nordhordland vil føra til eit arealbeslag på 2,8 millionar m², fem fjordkryssingar med luftleidning og berre 12 % fellesføring med eksisterande straumnett. Til samanlikning vil BKK sitt 6.2-framlegg, som vi med visse tilpassingar ønsker å få utgreidd, medføra 97 % fellesføring og berre to fjordkryssingar. Naturvernforbundet sitt 6.1-alternativ gjennom Herdlefjorden har minst naturtap på land.

Vidare er vårt og BKK sitt alternativ fram til Jordal det einaste alternativet som kan gi auka forsyningstryggleik for Bergen, noko som bør vere særleg tungtvegande som beredskapstiltak.

I Bærum og Oslo har det vore aksept for 3,3 km kabeltunnel, som del av ein totalt 10,3 km lang jordkabel. Vårt forslag om kabeltunnel mellom Jordal og Eidsvågsneset vil bli 3,5 km og totalt 8 km jord- og sjøkabel frå Jordal til Olavika på Askøy.

Naturvernforbundet Nordhordland bed om at følgjande punkt vert tekne med i utgreiingsprogrammet. Punkta tek utgangspunkt i innspel frå Forum for natur og friluftsliv i Hordaland til m.a. Energidepartementet, datert 11.06.26.

- Vidare utgreiing av alt. 6.2 frå Samnanger til Jordal, i samsvar med BKK sitt innspel til NVE i 2025.
- Tilknytning av alt. 6.2 til Arna og Jordal stasjonar, for å betra forsyningstryggleiken i Bergen.
- Vidare utgreiing av kabeltunnel Jordal-Eidsvågsneset (Maltmannen el.l.), som skissert som mest realistisk i Statnett si utgreiing av nye traséalternativ.
- Utgreiing av sjøkabel Eidsvågsneset-Merkesvik på Askøy gjennom Byfjorden og Herdlefjorden, som tidlegare spela inn av natur- og friluftslivorganisasjonane, dei råka kommunane, fylkeskommunen og aksjonsgruppa i høyringsrunden i 2025 (dvs. naturvernorganisasjonane sitt framlegg 6.1.)
- Vidare utgreiing av sjøkabel Eidsvågsneset-Olavika på Askøy og derfrå mest mogleg fellesføring med regionalnettet til Merkesvik, inkl. jordkabling av 132 kV kombinert med gang- og sykkelveg, i samsvar med BKK sitt innspel til NVE i 2025.
- Konsekvensar for natur og friluftsliv ved samanlikning av alt. 6.2/6.0 over Askøy, 6.1 og 1.0. Vektlegga samla belastning.
- Ny og oppdatert analyse av kraftbehovet og prioritering av oppgradering av eksisterande nett, dersom sistnemnde kan løysa utfordringane.

Utdjupande kommentarar til Statnett si anbefaling om ikkje å melda nokre av dei sørlege alternativa

Naturvernforbundet Nordhordland meiner at Statnett sin argumentasjon mot det sørlege alternativet på fleire punkt er lite faktabasert og har eit ubalansert preg. Dei positive sidene ved det sørlege alternativet blir underkommuniserte og dei negative sidene lagt stor vekt på.

T.d. vil gjenbruk av traséar med fellesføring på «grå areal» og færre fjordkryssingar føra til lang mindre naturtap med det sørlege alternativet enn med det nordlege, men slike samanlikningar manglar fordi Statnett sine vurderingar med få unntak er tekniske og ikkje samanliknar alternativ 1.0 og 6.2/6.0 på naturfagleg grunnlag. Denne slagsida vert forsterka av den totalt manglande vurderinga av 6.1-

alternativet gjennom Herdlefjorden, spelt inn av naturvernorganisasjonane i høyringa i 2025 med samla politisk støtte frå dei berørte kommunane og aksjonsgruppene.

Naturvernforbundet Nordhordland har særlege kommentarar til følgjande punkt i Statnett si tilråding og konklusjon i kap. 8 i utgreiinga:

«Utfordringer ved kryssing av Byfjorden med kabel»

Med kabeltunnelløysinga frå Jordal til Eidsvågsneset (Maltmannen), som Statnett har framstilt som eit realistisk alternativ og som vi støttar, vil det ikkje bli kryssing av sjøkablar i Byfjorden slik Statnett problematiserer, anten kabelen vert vidareført gjennom Hjeltefjorden til Merkesvik eller via Olavika på Askøy.

«Manglende gode løysningar for landtak av for sjøkabel»

Med kabeltunnelløysinga frå Jordal til Eidsvågsneset vert det slik vi forstår, ikkje behov for muffeanlegg på Eidsvågsneset. Det treng heller ikkje bli store inngrep i strandsona på Eidsvågsneset av di nedsprenjing av sjøkabel til Byfjorden slik vi er informert om, kan skje under strandlinja.

Om kabelen vert vidareført til Olavika på Askøy slik vi peikar på, seier Statnett følgjande om lokaliteten: «Landtaket i Olavika ser ut til å være alternativet med lavest arealkonflikter på vestsiden av Byfjorden». Dette er ei vurdering vi støttar. Arealkonfliktane vert etter måten små samanlikna med andre alternativ.

«Kostnader»

Statnett har berre sett på investeringskostnadane og har når dei samanliknar det nordlege og dei sørlege alternativa, ikkje prissett tapet av natur og dei negative konsekvensane for friluftslivet. Det meiner vi svekker den økonomiske grunngevinga for Statnett si prioritering av den store «hesteskoen» gjennom Nordhordland.


Mykje tyder dessutan på at den 76 km lange luftleidninga med minst fem fjordkryssingar gjennom Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver, Askøy og Øygarden vil tvinga fram så mange avbøtande tiltak at prislappen på 1.0-alternativet vil nærma seg Statnett og naturvernorganisasjonane sitt 6.2-alternativ kombinert med kabeltunnel og sjøkabel til Olavika eller 6.1 til Merkesvik. Vi vil gjera merksam på at Nordhordland er tett folkesett og har ein topografi som gjer det vanskeleg å byggja skånsamt, i Alver på tvers av dei såkalla Bergensbogane.

«Innløysing av bolig- og fritidsbebyggelse»

Statnett framstiller innløysing og riving av bustader som ei stor utfordring ved dei sørlege alternativa. Vi meiner dette problemet er sterkt overdrive og fint kan løysast gjennom avbøtande tiltak.

Slik vi les utgreiinga til Statnett, vil vårt alternativ 6.2 med kabeltunnel frå Jordal til Eidsvågsneset og sjøkabel vidare til Merkesvik eller Olavika på Askøy føra til riving av svært få bustader, kan hende berre på austsida av Samnangerfjorden. Med avbøtande tiltak vil det vera mogleg å unngå riving av enkeltstående hus både i Hausdalen i Fana og i Jordal i Åsane. Kabeltunnelløysinga frå Jordal til Eidsvågsneset vil dessutan skåna Åstveit, Ervik og Eidsvåg for inngrep.

Om leidninga vert vidareført over Askøy, nemner heller ikkje Statnett noko om riving, men problematiserer nærføring. Vi meiner slik nærføring må vegast opp mot det store naturtapet som alternativ 1.0 vil føra til.



Statnett sitt estimerte traséalternativ 6.2 i kombinasjon med 6.0.1. med kabel i køyrbar tunnel frå Jordalsvatnet til Maltmannen på Eidsvågsneset og sjøkabel vidare til Olavika eller Merkesvik på Askøy vil løysa konflikhtar i Eidsvåg og i Byfjorden og må konsekvensutgreiast.

«Vurderingar av konsekvenser for miljø og samfunn»

Statnett skriv i utgreinga (s. 24):

«Det er ikke vurdert hvordan tiltaket vil påvirke ulike forhold som naturmangfold, landskap, friluftsliv, kulturminner og andre hensyn. I denne utredningen er det kun sett på kjente forhold som er tilgjengelig i offentlige databaser som naturbase, kulturminnesøk, kilden og kommunekart. Det er først ved en konsekvensutredning vi kan stadfeste tiltakets påvirkning og konsekvens for miljø og samfunn. Konsekvensutredningen vil bli gjennomført i henhold til utredningsprogram som fastsettes av NVE.»

Mangelfull vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn svekker Statnett sin konklusjon om å skrinleggja dei sørlege alternativa. At det nordlege alternativet med eit strekk på heile 76 km i stort sett urørt natur vil ha langt større negative konsekvensar for natur og friluftsliv, er opplagt. Ei konsekvensutgreiing vil svært sannsynleg underbyggja dette og kan koma til å peika på så store negative konsekvensar for natur og samfunn at det nordlege alternativet vert skrinlagd eller blir påført så mange avbøtande tiltak at dei sørlege alternativa kjem betre ut økonomisk. Det er derfor avgjerande at dei sørlege alternativa vert konsekvensutgreidd slik at ein i prosessen vidare har eit alternativ å falla tilbake på.

Som døme på konflikhtar med store negative konsekvensar for landskap, naturmangfald og kulturminne, vil vi trekkja fram fjordkryssinga av Den indre farleia i Radsundet og kryssinga av det tilrådd verna Rylandsvassdraget på Holsnøy. Begge har potensiale i seg til å stansa linjeføringa.

Vi saknar med andre ord at dei sørlege alternativa og Nordhordlandsalternativet vert sett opp mot kvarande og samanlikna ut frå samla belastning for miljø og samfunn, inkl. forsyningstryggleik.

I den samanhengen gjer vi særleg merksam på at alternativ 6.2, i motsetnad til alternativ 1.0, vil opna for å knyta til Arna og Jordal trafostasjonar slik at forsyningstryggleiken i Bergen vert monaleg styrka.

Ein 420-kV-stasjon i Jordal kan dessutan anleggjast i fjell og slik i mykje større grad enn ein frittliggjande stasjon sikra sikker straumforsyning ved t.d. krig eller terroråtak. Dette er ei problemstilling som diverre ikkje er drøfta i Statnett si «vurdering av konsekvenser for miljø og samfunn».

«Utfordringer med kabling på 420 kV nivå»

Statnett skriv i utgreiinga: «Kabling må derfor vurderes nøye, og brukes kun unntaksvis. Vi viser til retningslinjer for bruk av jord- og sjøkabel som fremgår av Stortingsmelding 14 (2011-2012),»

Vi meiner opninga for å gjera unntak i aller høgste grad må vera til stades i dette prosjektet når naturtapet ved å velja kabel blir så mykje mindre og kabelstrekka har overkomeleg lengde. Det gjeld i sær alternativ 6.1 som natur- og friluftsansjonane, dei berørte kommunane og aksjonsgruppene samla har gått inn for gjennom Herdefjorden til Merkesvik, men også alternativ 6.2 med kryssing av Byfjorden til Olavika på Askøy, begge alternativa justert med jordkabel frå Jordal til Eidsvågneset.

Slike unntak er gjort i liknande konfliktfylte utbyggingssaker, m.a. i Nordhordland og i Bærum og Oslo.

På regjeringnivå vart det i 2013 vedteke at ny 300 kV (420 kV)-linje mellom Mongstad og Kollsnes i Øygarden (Den ytre ringen) skulle gå gjennom Lurefjorden (10 km) og Hjeltefjorden (25 km). Å leggja sjøkabel i Lurefjorden var i mot NVE si innstilling om å leggja kabelen i luftspenn, men inngrep i sårbare naturområde vippa regjeringa til fordel for verneinteressene.

Til samanlikning vil sjøkabelen i alternativ 6.1 bli på 25 km og setja ein stoppar for Statnett si luftlinje på nær 76 km med berre 12 % fellesføring over sårbar natur i Nordhordland. Basert på regjeringa sitt unntak for Den ytre ringen, burde det vera presedens for unntak også for det tredje sambandet. Det bør gjelda også alternativ 6.2 med ein kortare sjøkabel frå Eidsvågneset til Olavika på Askøy på berre 3 km.

Angående jordkabel og tunnel gav regjeringa i 2024 konsesjon til å leggja 10,3 km av ei ny 420 kV-linje gjennom Bærum og Oslo i jordkabel, 7 km i betongkasse og 3,3 km i tunnel. Grunngevinga var «nærføringsulemper» og ønske om å frigjera areal. I ettertid har Statnett varsla at dei i staden vil byggja ein energitunnel til opp mot 7,2 milliardar kronar. Det blir billigare, meiner dei.

I utgreiinga av det tredje sambandet har Statnett estimert eit alternativ 6.2 frå Samnanger kombinert med kabeltunnel til Eidsvågneset og landtak i Olavika til 7,9 til 11,1 milliardar kronar. Dette alternativet har vi tilrådd å gå vidare med av di det forhindrar «nærføringsulemper» for heile Eidsvågsonrådet og i mindre grad vil føra til nedbygging av verdfullt areal. Alternativet vert av Statnett beskrive som «mest realistisk», men Statnett vil likevel ikkje melda og konsekvensutgreia det.

Med bakgrunn i konsesjonen til jordkabel i Bærum og Oslo og det som ser ut til å vera eit unntak frå retningslinjene i Stortingsmelding 14 (2011-2012), meiner vi at unntaket må gje presedens for å konsekvensutgreia alt. 6.2 med kabeltunnel til Eidsvågneset i samsvar med Statnett sitt utkast. Det at løysinga ser ut til å ha eit mykje lågare kostnadsnivå enn prosjektet i Bærum og Oslo, bør etter vårt syn vega tungt.

Konklusjon

Statnett konkluderer slik i utgreiinga:

«På bakgrunn av de overnevnte forholdene ønsker ikke Statnett å melde noen av de vurderte sørlige alternativene. Statnett anbefaler at ingen av de vurderte alternativene bør tas med videre i utredningsprogrammet, og at kun tidligere meldte alternativer tas med videre.»

Naturvernforbundet Nordhordland støttar ikkje konklusjonen. Vi meiner argumentasjonen i utgreiinga er selektiv, einseitig og svartmalande utan å leita etter konstruktive alternativ, slik som kabeltunnel til Eidsvågneset. At Statnett ikkje tek naturtapet på alvor, bekymrar oss særleg.

Vi konkluderer derfor slik:

Vi bed med utgangspunkt i innspela våre om at alternativ 6.2 frå Samanger kombinert med kabeltunnel til Eidsvågneset og landtak i Olavika for mest mogleg fellesføring til Merkesvik, blir meld og konsekvensutgreidd.

Vi bed også om at sjøkabel frå Eidsvågneset gjennom Byfjorden til Merkesvik vert meld og konsekvensutgreidd. Denne fjordkryssinga er vårt primære ønske.

I tillegg bed vi om å få greidd ut tilknytning av alternativ 6.2 til Arna og Jordal stasjonar, for å betra forsyningstryggleiken i Bergen, og om ny og oppdatert analyse av kraftbehovet og oppgradering av eksisterande nett som alternativ til den tredje forsyningslinja.

Med helsing

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland